Utfordringane er ressursar til å skaffe vikar, kva for vikar ein nyttar, overtid m.v. Desse utfordringane er større ved kortvarige fråvær enn ved langsiktige fråvær.

Eit samlebegrep for å kunne kontrollere dette er «ressursstyring», enten i form av gode rutinar eller ved bruk av tilgjengeleg verktøy.

Generelt om fråvær for. 2. kvartal 2016

Det rapporterte totale fråværet for 2. kvartal 2016 er 5,9 %, tilsvarande tal for same periode tidlegare år:

- 2015 – 6,4 %
- 2014 – 6,4 %
- 2013 – 4,7 %
- 2012 – 4,9 %



Korttidsfråværet for 2. dre kvartal er 1.7 %.
Tilsvarande tal for same periode tidlegare år:

- 2015 – 1.7 %
- 2014 – 1.8 %
- 2013 – 1.7 %
- 2012 – 1.5 %

Det er store variasjonar mellom avdelingane, men også innan avdelingane.



Avvik – nærvær og tiltak

- **Kommunalsjef oppvekst og kultur**
(totalt 4,8 % fråvær – av dette 1,6 % korttidsfråvær og 3,2 % langtidsfråvær)

Gol Barnehage:

Det totale fråværet i Gol barnehage har gått ned frå totalt 7,1% fyrste kvartal til 3,9%. Dette er ein stor reduksjon, og godt under det ein kan forvente for tilsette med arbeid i barnehage. Den største positive endringa er i Breidokk barnehage som hadde eit faretruande høgt sjukefråvær ved både korttid og langtid i fyrste kvartal. Det er no redusert frå 15,7% til 6%. Det same er i avdeling Hallingmo frå 12,1% til 4,9%. Avdelingsleiar har sett inn fleire tiltak som har gitt resultat. Det er også slik at ein-avdelingsbarnehagar får store prosentutslag når det berre er 4-5 tilsette. Det gjeld Hallingmo og Åsgardane. Til dels gjeld det også to-avdelings barnehagar som Rotneim.

Det har vore noko fråvær som er arbeidsrelatert i perioden og det er blitt følgt opp med eigne tiltak som har gitt positive resultat. Etter den psykososiale undersøkinga i januar har det blitt sett inn fleire tiltak for å førebygge mot dei store tala på stressrelaterte opplevingar i arbeidet, m.a. på felles planleggingsdag 16.08. blei det gjennomført kurset «Fra stress til trivsel» (foreleser frå NAV), og tema Helsefremmande arbeid med frisklivsleiar i kommunen.

Gol skule:

Samla fråvær er 5,9%. Av dette er 2,3% korttid og 3,7% langtid. Langtidsfråværet har gått opp frå forrige kvartal, men dette skuldast alvorleg sjukdom som ikkje relaterer seg til arbeidsplassen. Prosessen med samanslåing av skulane ser ikkje ut til å ha hatt innverknad på sjukefråværet.

Gol ungdomsskule:

Samla fråvær 6,3%. Av dette er 1,5% korttidsfråvær og 4,8% langtidsfråvær. Langtidsfråværet skuldast heilt eller delevis sjukemelding som ikkje relaterte seg til arbeidsplassen.

Kulturavdelinga:

Biblioteket 4,5%

Ungdomsklubben 11,3%

Sjukefråværet er ikkje til arbeidsplassen.

Kulturskulen 6,7%

Sjukefråværet kan relatere seg til arbeidsplassen med fysisk arbeidsstad på mange stader. Frå august vil det bli ei betring på dette, m.a. fordi det er vorte ei samlokalisert mellom Kulturskulen og Gol skule.

- **Kommunalsjef helse og omsorg**
(totalt 8,6 % fråvær – av dette 2,1 % korttidsfråvær og 6,4 % langtidsfråvær)

Det er store variasjonar mellom avdelingane.

Helse har fråvær 5,4 % som skuldast at kommunelegetenesta og psykisk helseteneste har tilsette i langtidsjukemelding på grunn av alvorleg sjukdom. Desse er under medisinsk behandling og oppfølging

Kjøkkenet har hatt langtidsfråvær på 7,9 % i perioden. Dette er under oppfølging. Det har ikkje vore korttidsfråvær i perioden.

Natt-tenesta har redusert fråværet frå totalt 28,5 % i fyrste kvartal til 13,2 % i andre kvartal. Fråværet er relatert til smittefare.

Institusjon har hatt eit fråvær i andre kvartal på 6,5 % andre kvartal, noko opp frå fyrste kvartal.

Helsehjelp i heimen sitt totale fråvær i andre kvartal var på 12,3 %. Fråværet er i stor grad relatert til forldrepermisjon samt langtidsfråvær grunna bruddskader.

Konsulent for funksjonshemma sitt område har eit samla fråvær på 7,8 %, det meste relatert til permisjon.

Tenester til utviklingshemma har eit fråvær på 9,2 %. Av dette er 7,7 % langtidsfråvær. Årsak er arbeidsrelatert med blant anna slitasje på leiarane som har for stort kontrollspenn. Andre årsaker har komplekse forklaringar.

- **Kommunalsjef samfunn og utvikling**
(totalt 5,5 % fråvær – av dette 1,2 % korttidsfråvær og 4,3 % langtidsfråvær)

Bygg og drift har eit totalt fråvær på 8,2 %. Langtidsfråværet er 6,5 %.

Sjukefraværet har vore lågare i andre kvartal. Det har nærast ikkje vore korttidsfråvær. Noko langtidsfråvær i Bygg og drift skuldast forhold som ikkje er relatert til arbeidsplassen. Langtidsfråværet har gått ned sidan fyrste kvartal, og arbeid med sjukefråværsoppfølging har medverka til at fråværet er redusert mot slutten av perioden. Sidan hovuddelen av fråværet skuldast forhold utanfor Gol kommune som arbeidsplass, er det ikkje naudsynt med tiltak utover normalt arbeid med sjukefråværsoppfølging.

- **Vertskommunesamarbeid – Gol er vertskap**
(totalt 2,7 % fråvær – av dette 1,2 % korttidsfråvær og 1,5 % langtidsfråvær)

IKT Hallingdal har eit fråvær på totalt 5,0 %. Korttidsfråværet er på 2,1 %.

Rådmannen sin konklusjon

Totalt var det eit fråvær 1. ste kvartal på 5,9 %. Av dette var 1,7 % kortsiktig fråvær og følgjeleg 4,2 % langsiktig fråvær. Det syner seg at fråværet kvart år følgjer tilnærma same syklus; høgast fråvær på vinteren og lågast fråvær på sommaren. Det er mest synleg når det gjeld korttidsfråvær.




Avdelingar som ikkje har sjukefråvær tykkjer ofte det er litt synd at dei ikkje blir nemnd. Det er nemleg mange avdelingar som ikkje har sjukefråvær i det heile teke.

Nedanfor er skrive avdelingar som har hatt sjukefråvær mindre enn 0,5 % i kvartalet:

- Rådmann med skulefagleg rådgjevar og kommunalsjefane
- Økonomiavdelinga
- Introduksjonsprogrammet på Læringscenteret
- Gol barnehage – administrasjon
- Øygdane barnehage
- Miljøretta helsevern
- Helsestasjon
- Fysioterapitenesta
- Jordmortenesta
- Avdelingsleiing omsorg
- Avdelingsleiing kulturavdeling med kulturarbeidar
- Utbyggingsavdelinga
- Avdeling for landbruk og miljø
- Kommunalteknisk avdeling - veg
- Ekstern verksemd:
 - Skatteoppkrevaren
 - NAV Gol/Hemsedal
 - Hallingdal Etablerersenter

3. Økonomisk status pr. dato – avvik og tiltak

a) **Løn korrigeret for refusjon sjukeløn**

	Under kontroll
	Under kontroll, men med tiltak
	Tiltak naudsynleg, kommentar naudsynleg

Enhet		Avvik/kommentarar
Rådmann med stab		-
Kommunalsjef oppvekst og kultur		-
Kommunalsjef helse og omsorg		- Sjå kommentarar
Kommunalsjef samfunn og utvikling		-
Vertskommunesamarbeid – Gol er vert		-

Generelt om løn

I utgangspunktet kan ein seie det slik at om budsjett-tala er rett, budsjettet balanserar og ein har kontroll på løn i kommunen, så har ein god kontroll på utgiftene. Avvik sjåast opp mot både budsjett og rekneskap same periode 2015. Løn er ikkje periodisert i budsjettet, men er berekna og rapportert på i høve til prognose. Inntekter for sjukeløn og svangerskap reduserer ev. meirforbruk.

Generelt pr. 2. tertial 2016

Rådmannen følgjer opp lønspostar kvar månad. Det rapporterte forbruket av løn er stort sett under kontroll. Det er likevel signaler som gjer at einskilde avdelingar må følgjast opp.

Rådmannen sine rapportar blir sendt til UKL (omsorg) og til kontrollutvalet (alle rapportar).

Avvik – løn• ***Kommunalsjef oppvekst og kultur.***Barnehagane

Lønn ligg noko høgt, men noko av dette blir refundert frå anna kommune pga. spesialpedagogisk tiltak. (463` over prognosen) Tiltaket som Gol får er på 80%, men samtidig må Gol kommune betale ut til same formål til ein anna kommune på underkant av 40%. Det som blir betalt ut har auka frå 25% til ca. 40 % stilling frå august 2016.

Det er mindre reduksjon av tall på barnehageplassar i haust enn det som har vore vanleg dei seinare åra. Difor minkar heller ikkje lønsutgiftene i 2. tertial.

Grunnskulen

Lønsutgiftene ligg 108` over prognosen

Det vil vera eit etterslep på løn frå både ungdomsskulen og Gol skule. Det sentrale lønsoppgjere vil medføre at lønsbudsjettet vil auke noko (lønsauka er betalt ut med verknad frå mai, men budsjettet er ikkje endra pr. dato). Samtidig vil det kome på auka lønskostander.

Lønsmidlane for august –desember vil bli redusert med inspektør 3 og overflytta løn kommunalsjef.

- **Kommunalsjef helse og omsorg**

Institusjon har meirforbruk 1.635 mill. Har hatt overbelegg med tunge brukarar som krev auke i bemanning. Har mangla faste sjukepleiarar og det har vore nødvendig å bruke vikarbyrå. Det har vore tunge tak med diare og oppkast på våren og sommaren for pasientar og tilsette. Veldig smittsamt, og desinfeksjonsmaskina har vore til nytte etter innkjøpet. Det er etterslep med kostnader for den 5. nattevakt som no er avvikla. Det blir leigd inn ekstra når det er særskilde behov.

Helsehjelp i heimen har meirforbruk 1.543 mill. Fleire utskrivingsklare pasientar som er sjuke og krev ressursar. Tilhøva i Torstadvegen er ikkje forsvarlege med for liten grunnbemanning til demente og urolege pasientar. Har brukt av tilskotsmidlar til aktivitet for å dekke kortvakter, kr 675 000. Har brukt heimhjelp-ressursen når det har vore mogleg å steppe inn. Det har i tillegg vorte nytta frivillige til å skape trygghet. Klage er sendt frå pårørande til pasient og brukarombodet om tilhøva her. Pårørande er i møte i september ikkje fornøgd med for liten bemanning, og personalet seier dei er utrygge.

Ein familie har tiltak etter vedtak. Det vart søkt om tilskot til å dekke dette for halvår 2015 og halvår 2016. Det vart innvilga 0.917 mill som vart ført i 2015. Halvpart av dette skulle ha vore ført i 2016. Det er søkt IMDi om kr 790 000 for halvår 2016 og halvår 2017.

Dersom vi hadde ført riktig i reknskapet tilskot gitt i 2015 for 2016 kr 458 000, så hadde ansvar helsehjelp i heimen vore innafor rammene.

Tenester til utviklingshemma brukar mindre – 0.403 mill. Det er ikkje gjort tilsetning i stillingane fordi det er ikkje søkarar. Det er slitasje på dei som er i stillingane.

Det har vore arbeid med omorganisering i helse og omsorg utan tilskot til endringsarbeidet. For dei som har vore i turnus har det vorte leigd inn vikarar og dermed doble kostnader. Det er søkt Helsedirektoratet om tilskot til innovasjon og vi har fått tilsagn på kr 765 000.

Totalt meirforbruk i omsorg	2.775 mill
Tilskot IMDi 2016	-395 000
Tilskot Innovasjon	-765 000
Tilskot Demens	-675 000
Totalt meirforbruk i omsorg	0.940 mill




Kommunalsjef helse og omsorg

Bygg og drift har eit meirforbruk på lønn i forhold til budsjett. Nokre innsparingstiltak i budsjettet for 2016 er ikkje iverksatt. Det har vore utfordrande å seie noko absolutt om ressursbehovet i Bygg og drift. Vedtaket om å flytte Læringscenteret til gamle Gol skule vart fatta etter at budsjettet for 2016 vart vedtatt. Saman med flytting av barneskulene og ungdomsskulen til nye Gol skule, er det behov for ei innkjøringsperiode for å få ei betre oversikt over det totale behovet for drift og vedlikehald på kommunale formålsbygg.

Rådmannen sin konklusjon:

Omsorg har for dei tre verksemdene eit meirforbruk pr. august. Eit høgare forbruk enn budsjettert fører automatisk til høgare sosiale kostnader. Lova innsparingstiltak i budsjett for 2016 må settast ut i livet.

b) Andre kostnader

	Under kontroll
	Under kontroll, men med tiltak
	Tiltak naudsynleg, kommentar naudsynleg

Generelt:

Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon vil normalt ha variasjonar gjennom året.

Ettersom Gol kommune praktiserer netto-budsjettering, så må ein ta med heile bilete, både inntekter og utgifter. *Vedlegg A* syner rekneskapet på eit veldig grovt nivå.

Enhet		Avvik/kommentarar
Rådmann med stab		-
Kommunalsjef oppvekst og kultur		-
Kommunalsjef helse og omsorg		-
Kommunalsjef samfunn og utvikling		-
Vertskommunesamarbeid – Gol er vert		-

Kommentar – andre kostnader**Rådmannen sin konklusjon**

Forbruket av andre kostnader har i liten grad noko spesielt mønster for kor tid forbruket skjer. Våre viktigaste partnerar sender ut refusjonskrav i forskjellige periodar. Det gjeld også Gol kommune sjølv som søker refusjon der vi er vertskap.

c) Inntekter

Gol kommune sine skatteinntekter er noko høgare enn prognose. Samstundes er det lite som kan seiast med sikkerheit før i november månad ettersom staten vil kunne endre fordelingstal for tidlegare år som får verknad for skatteinntektene i året. Rådmannen har likevel ei god kjensle av at vi ikkje vil få nokon stor overrasking.

Skatt og rammetilskot blir uansett sett i samanheng og for Gol sitt vedkomande vil rammetilskotet auke noko om skatteinntektene sviktar. Det vil bli omvendt dersom skatteinntektene aukar.

For avdelingane må nemnast at legetenesta ikkje har levert i forhold til forventa inntekter. Kommunalsjefen følgjer opp dette.

d) Renter og avdrag

Renteinntekter blir ikkje registrert månadleg, men etter forfall. Det er liten skilnad på innskotsrente og lånerente. Renter og avdrag blir følgd fortløpande og verkar under kontroll. Budsjettjustering for påkomne renter kjem som sak i samband med annan budsjettjustering i oktober.

e) Investeringar

Investeringsrekneskapen syner at kommunen pr. august har nytta netto 65,5 mill. kr. av eit budsjett på 121,5 mill. kr. Det aller meste av forbruket gjeld byggekostnader av skule. Det er relativt mange prosjekt som ikkje er satt i gong pr. august, men avdelingane seier at prosjekta er satt i gong seint.

Det blir utarbeidd egne oversyn som vert sendt til avdelingane.

Det er avvik på følgjande prosjekt:

- Kjøp av server – budsjettert som investering – vil bli vurdert nullstilla. Låneopptak attendebetalt.
- [Tippemidler – rehabilitering kunstgrasbane](#) – tilsagn om 803.000 kroner. Dette er ikkje budsjettert som inntekt.

f) Finansiering – bruk og avsetning til fond

Bruk av fond vert følgd opp særskilt.

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen har ingen kommentarar til punktet pr. fyrste tertial.

g) Balanse – vurdering av uteståande fordringar, fondsmidler m.v.

Arbeidet med uteståande fordringar skjer kontinuerleg og målet er å få redusert uteståande beløp og i verste fall få avskrive som uinndriveleg det som openbart blir vanskeleg få kravd inn. Ein del ekstra tiltak er satt i gong og vi vonar at dei vil føre fram.

Arbeidet skal også føre til at avdelingane blir følgd opp betre og at dei blir meir klare på kva dei skal gjere når ein kunde begynner å misleghalde sine fakturaer.

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen har ingen kommentarar til punktet pr. andre tertial.

4. Tenesteyting – målsetting – avvik og tiltak

- Avdelinga har ingen kommentarar
- Avdelinga har avvik, inga behov for tiltak, men må kommenterast
- Avdelinga har avvik, behov for tiltak, må kommenterast

Enhet		Avvik/kommentarar
Rådmann med stab		-
Kommunalsjef oppvekst og kultur		- Sjå kommentarar
Kommunalsjef helse og omsorg		- Sjå kommentarar
Kommunalsjef samfunn og utvikling		- Nokre vasslekkasjar i fyrste kvartal, men raskt lokalisert og utbetra.
Vertskommunesamarbeid – Gol er vert		- Systemsvikt dataprogram NAV er rapportert om særskilt til kommunestyret

Kommentar – tenesteyting

- ***Kommunalsjef oppvekst og kultur.***
Bibliotek har grunna personalmangel ikkje kunne tilby fullgode tenester. Biblioteket har hatt ei underbemanning tilsvarande 18 % stilling. Etter 2. gongs utlysing er det no tilsett ny biblioteksjef.
- ***Kommunalsjef helse og omsorg***
Institusjonstenesta har i snitt 5 pasientar i overbelegg. Desse krev auke i bemanning og utløyser ofte overtid.
Heimesjukepleien – har fleire utskrivningsklare pasientar som er alvorleg sjuke og krev avansert behandling i heimesjukepleie.
Generelt
 Avdelinga manglar avlastningsplassar
 Avdelinga manglar korttidsplassar
 Avdelinga manglar søkarar til stillingane i tenester for utviklingshemma
 Vi venter på tilbakemelding frå Fylkesmannen om godkjenning av tiltak for å få lukka avvik på tenestene for utviklingshemma.
- ***Kommunalsjef helse og omsorg***
Landbruk og miljø: Har hatt besøk av ein delegasjon frå Sør-Korea sitt departement for skog og natur for å sjå korleis Gol løyser forvatningsoppgåvene.

Bygg og drift: Det har vore litt unntakstilstand for avdelinga grunna mange flytteprosessar som måtte på plass før skulestart. Medarbeidarane har vore positivt innstilte til utfordringane og arbeidet har gått som planlagt.

Utbyggingsavdelinga: Den store produksjonen av saker held fram. Avdelinga har hatt to studentar i arbeid i sommar. Studentane gjer eit godt arbeid og tilfører nytt tankegods. Bruk av sommarvikarar er eit godt rekruteringstiltak.

Rådmannen sin konklusjon

Endringar i brukargruppene vil alltid endre seg og avdelingane må uansett løyse desse innfor budsjettramma.

5. Personalforhold og HMS

- Ingen rapporterte forhold
- Rapporterte forhold – ingen eksterne tiltak – kommentar naudsynleg
- Rapporterte forhold – eksterne tiltak – kommentar naudsynleg

Enhet		Avvik/kommentarar
Rådmann med stab		-
Kommunalsjef oppvekst og kultur		-
Kommunalsjef helse og omsorg		- Sjå kommentarar
Kommunalsjef samfunn og utvikling		- Sjå kommentarar
Vertskommunesamarbeid – Gol er vert		-

Kommentar – Personalforhold og HMS

• **Kommunalsjef helse og omsorg**

- Avvik i legemiddelhandtering
- Uvedkomande har vore inne på institusjon på natt. Dette skapar utryggheit blant tilsette
- Mykje bulking av bilar som heimetenestene disponerer – tiltak satt i verk
- Tiltak for ytterdører bør vurderast slik at ein kan hindre inngang og utgang i institusjon og omsorgsbustader der demente bur

- Kommuneoverlege Patience Lister har tiltredd i 50 % stilling og held til på kommunehuset
- Hanna Weløy har gått over i stilling som rådgjevar og har kontor på kommunehuset
- Olveig Engene tek over nokon av funksjonane etter Vlasta Sundmoen som har slutta i Gol kommune.. Olveig er leiar for tildelingsteamet og har ansvar for Gerica. Olveig vil vidare fortsette som demenskoordinator, hav vedlikehald av prosedyreprogrammet PPS og vere kontaktperson med Vestre Viken
- Ingunn Håverstad tek over stillinga i 50 % som leiar for koordinerande eining etter Vlasta Sundmoen (sjå førre punkt)
- Velin Eikrehagen er tilsett i stillinga som områdeleiar i heimetenestene.

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen peikar på at budsjettet er styringsreiskapen og at dei økonomiske ramane ikkje gjer det mogeleg å kunne ha beredskap for ulike situasjonar som må oppstå i løpet av året. Vanskelege prioriteringar må gjerast konstant og det er eit leiaransvar å gjere desse prioriteringane.

6. Analyse av KOSTRA-tal

KOSTRA-tallene som vart nytta m.a. i årsmelding for 2015 er verifiserte tal for 2015 og skal ikkje innebere store skilnader frå dei reviderte tala i juni.

Dei kommunane som Gol blir samanlikna med er – etter rådmannen sitt utplukk:

- Birkenes i Aust-Agder
- Bø i Telemark
- Froland i Aust-Agder
- Nes i Buskerud
- Nord-Aurdal i Oppland
- Vågå i Oppland
- Våler i Hedmark
- Øyer i Oppland
- Ål i Buskerud

Det er tidlegare sendt ut ein del statistikk til alle i kommunestyret. Rådmannen ynskjer innspel frå folkevalde om kva dei ynskjer vurdert.

Administrasjonen har også teikna abonnement på Kommunebarometer som skal gje indikatorar på nokre moment som kan vere av interesse å finne ut av. Abonnementet er delt med dei folkevalde.

7. Spesielle hendingar og informasjonar

Ansvarleg	Spesiell informasjon
Rådmann med stab	- Sigvart Flåm er tilsett som prosjektleiar for utbygginga av fleirbrukshall med basishall.
- Kommunalsjef oppvekst og kultur	-
Kommunalsjef helse og omsorg	<ul style="list-style-type: none"> - Pasient forsvann frå institusjonen 7.9 og vart funne omkommen 11.9. Hendinga opplevast som vond og tung for dei tilsette. Tiltak vart sett i verk for å ta i vare pårørande og tilsette. Fylkesmannen har bedt om informasjon om hendinga og vil vurdere om det er grunnlag for å opne tilsyn med kommunen. Evaluering av prosedyrar skal gjennomførast - Arbeidet med sansehage utanfor Fagertun er i gang og prosjektgruppe er etablert. Avdleinga kan bruke 500.000 kronar av fondsmidlar og gåvefond - Prosjektgruppene har levert rapport med forslag til endring og omorganisering i helse- og omsorg - 3 tilsette tek studiet i velferdsteknologi - 6 helsefagarbeidarar er med i studiet om lindrande behandling ved livets slutt
Kommunalsjef samfunn og utvikling	- Kommunalsjefen sa opp sin stilling i juni grunna overgang til anna stilling i anna kommune. Innan søknadsfristen i slutten av august hadde fleire gode kandidater søkt på stillinga.
Vertskommunesamarbeid – Gol er vert	-

Rådmannen sin konklusjon

Perioderapportane er meint å vere avviksrapportar. Punktet om spesielle hendingar bør vere ein ventil for det som avdelinga elles ikkje greier å rapportere som avvik, men som avdelinga meiner er viktig å gje orientering om. I nokon grad vil slik orientering gjelde informasjon om manglande ressursar for å få gjort ein god nok jobb. God og ansvarleg politikk handlar om å prioritere blant gode føremål gitt dei økonomiske rammar som finst tilgjengeleg. God og ansvarleg leiing handlar om det same – beinhard prioritering.

Det blir likevel opp til våre politikarar å bestemme kor detaljert dei ynskjer informasjon. Rådmannen er glad for innspel.

VEDLEGG A – (alle tal i heile 1.000 kroner)

hoved							
art	Hovedart-tekst	R 2016	B 2016	R/B i %	R 2015	B 2015	R/B i %
10	Lønn	192 002 319	288 773 000	66,5 %	182 074 955	282 192 000	64,5 %
12	Kjøp av varer og tenester	49 776 721	62 478 000	79,7 %	46 233 077	61 959 000	74,6 %
13	Kjøp av tenester	38 690 508	73 187 000	52,9 %	39 511 046	67 217 000	58,8 %
14	Tilskot og tilleggsløyvinger	14 879 647	24 505 000	60,7 %	17 958 566	24 188 000	74,2 %
	Totalt - driftskostnader	295 349 195	448 943 000	65,8 %	285 777 644	435 556 000	65,6 %
16	Sals- og leigeinntekter	-62 474 963	-80 554 000	77,6 %	-60 076 314	-78 202 000	76,8 %
17	Refusjonar og tilskot	-58 535 935	-93 219 000	62,8 %	-41 255 472	-83 316 000	49,5 %
18	Overføringer	-206 900 872	-299 010 000	69,2 %	-198 982 467	-286 135 000	69,5 %
	Totalt - driftsinntekter	-327 911 770	-472 783 000	69,4 %	-300 314 253	-447 653 000	67,1 %
15	Finansieringsutgifter	25 642 584	43 221 000	59,3 %	24 675 833	49 103 000	50,3 %
19	Finansieringsinntekter	-8 484 687	-19 381 000	43,8 %	-14 058 848	-37 006 000	38,0 %
	Sum netto finanskostnader	17 157 897	23 840 000	72,0 %	10 616 985	12 097 000	87,8 %

Kommentarar

Data er henta frå heile rekneskapen, dvs. alle avdelingar, alle ansvar og tenester, alle prosjekt og artar. Det blir jobba kontinuerleg med å få rekneskapen meir logisk, men samstundes blir det gjort også ein del endringar organisatorisk som gjer det vanskelegere å få arbeidet i hamn dersom ein ynskjer å få med seg historikken frå tidlegare år. Inntil vidare blir difor hovudpostnivå nytta utan isolering for avsetning og bruk av fondsmidlar, sjølvkostområdet m.v.

Hovudpost	Hovudpost-tekst	Kommentar
10	Lønspostar	- Totalt for kommunen ingen spesiell grunn til uro med unnatak av det som er nemnd tidlegare i rapporten
12	Kjøp av varar og tenester til kommunal teneste-produksjon	- Forbruksmønster er veldig forskjellig, år for år. Dette er førebels å sjå på som naturlege variasjonar, men avdelingar med mykje forbruk av årsbudsjettet vil få varsel.
13	Kjøp av tenester som erstattar kommunen sin tenesteproduksjon	- Ingen spesielle avvik som ser ut til å få konsekvens for slutt-resultatet
14	Tilskot og tilleggsløyvingar	- Ingen spesielle avvik som ser ut til å få konsekvens for slutt-resultatet
16	Sals- og leigeinntekter	- Ingen spesielle avvik som ser ut til å få konsekvens for slutt-resultatet
17	Refusjonar og tilskot	- Naturlege variasjonar i refusjon og tilskot – den største refusjonen veit vi ikkje før i februar 2016 - Hovudposten inkluderer også refusjon for sjukefråvær og svangerskapsperm.
18	Overføringer	- I all hovudsak skatt og rammetilskot. Bra pr. august

Hovudpost	Hovudpost-tekst	Kommentar
15	Finansieringsutgifter	<ul style="list-style-type: none">- Budsjettet inkluderer fordelte utgifter som blir gjort ved årsavslutning, men som ein vurderer å periodisere- Budsjettet inkluderer renter og avdrag, renter vil kunne bli behandla noko spesielt som følgje av periodisering frå førre år- Budsjettet inkluderer avsetning til fond. Desse blir normalt avsett ved årsavslutning, men det vil vere ynskjeleg å gjere dette oftare
19	Finansieringsinntekter	- Ikkje spesielle kommentarar

Rådmannen sin konklusjon

Oversynet og avvika som er nemnd er rekna som akseptabelt – totalt sett.

Rådmannen ynskjer at tertialrapportane på sikt vil kunne skilje ut det som er særskilt for normal drift i Gol kommune, det som er spesielt for Gol kommune sin måte å organisere verksemda på (interkommunale tiltak) samt kommune-Noreg sin måte å behandle sjølvkost i rekneskapen og budsjett. Arbeidet har diverre ikkje vore prioritert

Gol, 9. oktober 2016



Hege Mørk
rådmann